

Handlingsplan 2022–2025

Setesdal interkommunalt politisk råd

Vedteke i styremøte 15. desember 2021 (92/21)
og lagt fram for representantskapet same dag



Setesdal interkommunalt
politisk råd

Forord

Ny strategi for Setesdal vart utvikla i 2020 gjennom ein brei prosess som involverte heile representantskapet. Strategi 2020–2030 for Setesdal IPR vart handsama i styret 4. november 2020 (PS 78/20). I forbindelse med strategien vart det inngått ein ny samarbeidsavtale mellom Setesdal IPR og kvar av dei fem deltakande kommunane (PS 53/21).

Strategien til Setesdal IPR er ein regional strategi for å byggje Setesdalsregionen, og den er forankra i mandatet og rollane til Setesdal IPR. Strategien skal bruke regionens fortrinn for å bidra til levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region. Vår visjon for den regionale samhandlinga er å posisjonere Setesdal som Agder sitt «grøne hjarta».

Me er allereie ein av Noregs mest berekraftige regionar, og den posisjonen ønskjer me å bruke for å byggje regionen vidare med utgangspunkt i regionens fortrinn. Regionen skal utnytte moglegheitene digitalisering gjer, og bidra til å nå måla i lågutsleppsamfunnet.

Hausten 2021 har det blitt gjennomført ein prosess i Setesdal IPR for å utvikle ein handlingsplan for strategien. Handlingsplanen for 2022–2025 består av seks hovudsatsingar (to per strategi) og aktivitetar for kvar hovudsatsing (nitten aktivitetar til saman).

Hovudsatsingane skal samla bidra til å *spisse* dei tre strategiane for Setesdal IPR. Dei skal bidra til å gje retning for utviklinga i Setesdalsregionen, og dei skal synleggjere regionens prioriteringar

for dei neste fire åra. Setesdal IPR skal ha eigarskapet til hovudsatsinga, og vere drivkrafta bak.

Ei hovudsatsing skal invitere til og bidra til regional samhandling, og mobilisere kommunar, organisasjonar og bedrifter til å delta for å nå måla i handlingsplanen. For å lykkast med handlingsplanen, er det avgjerande at me lykkast med å få ekstern finansiering til aktivitetar me skal i gang med, samtidig som Setesdal IPR prioriterer aktivitetar i handlingsplanen i dei årlege budsjetta. Me skal også aktivt delta i relevante nettverk regionalt og nasjonalt.

Handlingsplanen vil evaluerast midtvegs (hausten 2023). Hovudformålet med denne evalueringa er å undersøkje om hovudsatingane har bidratt til å stake ut kursen for ein framtidsretta og berekraftig utvikling av Setesdalsregionen.

Arbeidsgruppa for handlingsplanen har bestått av leiar, nestleiar og dagleg leiar saman med innleigd prosessrettleiar.

Valle, 15. desember 2021


Steinar Kyrvestad
leiar


Sigbjørn Fossdal
nastleiar


Rita Hansen
dagleg leiar

Strategien i eit nøtteskal

STRATEGI FOR SETESDAL IPR

VISJON

Setesdal er Agder sitt grønne hjarta

HOVUDMÅL Levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region

STRATEGI 1

Marknadsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon

STRATEGI 2

Vidareutvikle Setesdalsregionen som ein kompetanseregion

STRATEGI 3

Utvikle attraktive og livskraftige bygder

HOVUDSATSINGAR

- Bygge Setesdal som merkevare
- Bygge reiselivsrelatert infrastruktur

HOVUDSATSINGAR

- Fagarbeidaren i framtida sitt arbeidsliv
- Setesdal kompetanse

HOVUDSATSINGAR

- Marknadsføre framtidas berekraftige bygder
- Styrke regional infrastruktur og samfunnsstruktur

GRUNNLAGET FOR STRATEGIEN

VERDIAR FOR SAMARBEIDET

Tillit, openheit og nytenkande

ROLLAR

1 | Marknadsføre regionen, 2 | vere ein pådrivar for regional utvikling og 3 | samordne og ivareta regionens interesser

FORMÅL

Setesdal interkommunalt politisk råd (IPR) har som formål å utvikle Setesdalsregionen

REGIONENS FORTRINN Natur, kultur og rein energi

BREDE SAMFUNNSTRENDER Digitalisering og det grønne skiftet

Del 1:
Vekst i reiselivet





Strategien

«Marknadsføre og utvikle Setesdalsregionen som reiselivsdestinasjon» er vår strategi for å utvikle reiselivet i Setesdal.

NOBILETET: Setesdal har i perioden 2009–2019 mista 36 prosent av kommersielle overnattingsdøgn samanlikna med Noreg som heilheit. Dette til tross for at reiselivet har eit langt større potensiale i regionen enn det som hittil er tatt ut.

STRATEGI: Denne strategien handlar om å gjere aktive grep for å snu ein nedgåande marknadstrend og å utnytte mogelegheitene som ligg i å vidareutvikle eit kultur- og naturbasert reiseliv i Setesdal.

MÅL: Denne strategien har to målsettingar for reiselivet i Setesdal:

- Fleire lønsame arbeidsplassar innan reiselivsnæringa.
- Bidra til vekst i reiselivet i Setesdalsregionen gjennom heilårsturisme.

HOVUDSATSINGAR: For å oppnå dette må ein difor arbeide vidare med å marknadsføre Setesdal som reiselivsdestinasjon og å utvikle reiselivsrelatert infrastruktur. For 2022–2025 er våre hovudsatsingar for reiselivet:

- Byggje Setesdal som merkevare
- Byggje reiselivsrelatert infrastruktur

ORGANISERING: Setesdal IPR har vedteken å etablere Visit Setesdal AS som viktigaste aktør for å utvikle reiselivet i Setesdal. Styret i selskapet vil ha ein viktig rolle for å realisere vår strategi for reiselivet i Setesdal.

Hovudsatsing #1

Satsinga «Byggje Setesdal som merkevare» skal bidra til å synleggjere Setesdal som reisemål og å få fleire besøkande til regionen.

Setesdal er ein kjent merkevare i Noreg, men den er ikkje like utvikla som hos enkelte andre reiselivsdestinasjonar i landet. Merkevara Setesdal skal liggje til grunn for alle aktivitetar i regi av Visit Setesdal og Setesdal IPR. Me skal bidra til at reiselivsaktørane i regionen opplever at det gjer meirverdi å bruke Setesdal som merkevare. På denne måten forankrar me Setesdal som ein destinasjon mot felles mål. Satsinga skal også bidra til at det blir utvikla felles kampanjar mot definerte marknader. Eit stort, felles merkevareprosjekt i denne satsinga har som målsetting at rv. 9 blir nasjonal turistveg.

For 2022–2023 skal følgjande gjennomførast:

Nr.	Aktivitet	Mål for 2023
1.1	Målretta merkevarebygging av Setesdal.	Reiselivsaktørar i regionen bruker Setesdal-emblemet, og bidreg aktivt til å byggje felles merkevare i forbindelse med kampanjar og marknadsføring i ulike kanalar.
1.2	Felles marknadsføring av Setesdal.	Minst ein kampanje for å få utanlandske turistar til Setesdal, samt evaluere og måle effekt av denne type felles kampanjar.
1.3	Samarbeid for at rv. 9 blir nasjonal turistveg.	Vedtak om nasjonal turistveg.

Hovudsatsing #2

Satsinga «Byggje reiselivsrelatert infrastruktur» skal bidra til å byggje Setesdal til en heilskapleg reiselivsdestinasjon som er godt tilrettelagt for besøkande.

Setesdal har mykje å by på. Det har eit rikt kultur- og naturbasert reiseliv. Ei utfordring i dag er at mange av attraksjonane og aktivitetane er lite synlege når ein ferdast i Setesdal. Denne satsinga handlar om å synleggjere og tilgjengeleggjere attraksjonar som finnes i regionen. Me må byggje infrastruktur som viser kva me har og kven me er, både for gjestar og fastbuande.

For 2022–2023 skal følgjande gjennomførast:

Nr.	Aktivitet	Mål for 2023
2.1	Synleggjere attraksjonar i Setesdal.	Attraksjonar i Setesdal er godt skilta frå hovudveg og fram til destinasjon.
2.2	Merking og skilting av topturar i Setesdal.	Dei beste og mest populære turane er merka.
2.3	Byggje fortellingar rundt kultur- og naturattraksjonar i Setesdal.	Målet er å skape levande attraksjonar der fortellingar frå staden gjer attraksjonen «liv». Målsettingane er både å utvikle denne type fortellingar og å ta i bruk fortellingar som er utvikla gjennom kulturarvturisme-prosjektet i Setesdal IPR. Målet er vidare å knytte immateriell kulturarv til attraksjonar i regionen.

Del 2:
Tilbod om kompetanse i regionen





Strategien

«Vidareutvikle og styrkje kompetansen i regionen» er vår strategi for å utvikle Setesdal til ein region som tilbyr kompetanseutvikling lokalt.

NOBILETET: Offentleg sektor, bygg og anlegg, jordbruk og andre yrkesretta næringar er de dominerande yrkesvegane i Setesdal. I dag er det ikkje noko samla tilbod om kompetansepåfyll eller utdanning i regionen som er retta mot det eksisterande arbeidslivet og framtida sitt kompetansebehov.

STRATEGI: Denne strategien handlar om å gje eit tilbod om kortare og lenger kurs og utdanning i regionen innanfor kompetansebehov som arbeidslivet i Setesdal etterspør. Den handlar vidare om å sette på agendaen kompetansebehov som er avgjerande for framtida sitt arbeidsliv i Setesdal.

MÅL: Denne strategien har to målsettingar:

- Den yrkesretta kompetansen i regionen skal styrkast og vidareutviklast.
- Det skal vere tilbod om kurs og utdanning i regionen innanfor sentrale fagområde som arbeidslivet og befolkninga i Setesdal etterspør.

HOVUDSATSINGAR: For å oppnå dette er det oppretta to hovudsatsingar knytt til kvart av måla ovanfor. Den eine satsinga vil handle om å løfte fram fagarbeidarens betydning for framtida sitt arbeidsliv i Setesdal. Den andre satsinga vil dreie seg om å gje eit relevant tilbod om kurs og utdanning i Setesdal.

For 2022–2025 er våre hovudsatsingar:

- Fagarbeidaren i framtida sitt arbeidsliv
- Setesdal kompetanse

ORGANISERING: Setesdal IPR vil opprette ei arbeidsgruppe for denne strategien, samt ei prosjektstilling.

Hovudsatsing #3

Satsinga «Fagarbeidaren i framtida sitt arbeidsliv» skal bidra til å synleggjere fagarbeidarens betydning for framtida sitt arbeidsliv i Setesdal.

Setesdal har i framtida i likskap med Noreg for øvrig eit stort behov for relevant fagkompetanse og fleire fagarbeidarar. Denne satsinga handlar om å gjere aktive grep for å setje betydninga av fagarbeidaren for framtida sitt arbeidsliv på den regionale og nasjonale agendaen, og slik sikre tilbod om framtidsretta og relevant yrkes- og fagutdanning i Setesdal. Det leggst opp til eit arbeid — både politisk og fagleg — som vil styrkje fagarbeidaren i regionen. Fleire av arbeidsplassane i regionen i dag fungerer som lærebedrifter og gjer slik opplæring til lærlingar, men det er truleg mogelegheit for fleire lærebedrifter i regionen. Det ligg også ein mogelegheit i å legge til rette for samhandling mellom den vidaregåande skulen i Setesdal og dei andre utdanningsinstitusjonane og arbeidslivet for bl.a. å rekruttere unge i regionen til yrkesfaglege studieløp.

For 2022–2023 skal følgjande gjennomførast:

Nr.	Aktivitet	Mål for 2023
3.1	Marknadsføre og fremje betydninga av fagarbeidaren for framtida sitt arbeidsliv.	Setesdal har bidratt til å sette fagutdanning på den politiske agendaen som ein viktig del av ein strategi for å utvikle distrikta.
3.2	Skape eit nettverk mellom eksisterande og framtidige lærebedrifter i privat og offentleg sektor kor Nav og andre aktørar deltar.	Det har vorte fleire verksemder i Setesdal som har lærlingplassar.
3.3	Skape samarbeid mellom Setesdal vidaregåande skule og dei andre utdanningsinstitusjonane i regionen og verksemder i Setesdal for å skape engasjement om yrkesfagleg studieløp blant unge.	Alle ungdommar i Setesdal har fått eit godt informasjonstilbod om mogelegheitene for yrkesfagleg utdanning og arbeidsmogelegheter i Setesdal.

Hovudsatsing #4

Satsinga «Setesdal kompetanse» skal gje eit lokalt kompetansetilbod.

Kompetansebehova innanfor arbeidslivet endrar seg raskt. Myndigheiter kjem med nye krav som utløyser behov for opplæring. Andre gonger er det omstillingar og omstruktureringar i arbeidslivet som krev påfyll av kompetanse. For å lykkast med kompetanseutvikling er det behov for ein funksjon som kan kople behov i arbeidslivet med tilbydarar — der målet er å tilby lokale, skreddarsydde løysingar som er tilpassa arbeidslivet. Setesdal IPR skal slik vere i tett dialog med arbeidslivet i regionen, og bruke aktivt kartleggingar om kompetansebehov i Setesdal som fortløpande utarbeidast gjennom prosjektet Kompetansepilot Agder der Setesdal IPR er deltakar. I tillegg til å gje eit tilbod til arbeidslivet, vil satsinga utprøve desentralisert utdanning innanfor etterspurde fagområde. Desentralisert utdanning er eit prioritert satsingsområde både i Regionplan Agder 2030 og i Hurdalsplattformen til den nye regjeringa.

For 2022–2023 skal følgjande gjennomførast:

Nr.	Aktivitet	Mål for 2023
4.1	Etablere eit nettverk med ein ressursperson som har til oppgåve å kople etterspørsel i regionen med eksterne tilbydarar.	Funksjonen som kompetansekoplar er godt kjent i arbeidslivet i regionen.
4.2	Utvikle ein lokal kursportefølje for verksemdene i Setesdal som heile tida er i tråd med behov hos verksemdene.	Private og offentlege verksemdar etterspør kurs og utdanning i det omfang at det er mogeleg å gje eit godt lokalt tilbod.
4.3	Gje tilbod om desentralisert utdanning innanfor prioriterte områder.	Gjennomføre minst eit desentralisert utdanningstilbod med eit universitet eller ein høgskule som samarbeidspartner.

Del 3:
Attraktive og livskraftige bygder





Strategien

«Utvikle attraktive og livskraftige bygder» er vår strategi for å utvikle Setesdal til en framtidretta region der det er attraktivt å bu og jobbe.

NOBILETET: Bygde-Noreg blir ofte i media framstilt som lite berekraftig, mens byane der dei store miljø- og klimautfordringane finnes, ofte vert framstilla som framtidretta bu- og arbeidsområde. Verkelegheita er at Setesdal allereie er ein berekraftig region med vår fornybare kraftproduksjon, urørt natur og levande bygder. Dette fortrinnet ønskjer me å synleggjere og utnytte.

STRATEGI: Vår strategi for attraktive og livskraftige bygder handlar om å sikre gode rammevilkår for bygdeutvikling og å marknadsføre det gode livet på bygda og fremje berekraftige bu- og stadkvalitetar i Setesdal.

MÅL: Denne strategien har to målsettingar:

- Sikre busetting og arbeidsplassar i etablerte næringar.
- Tiltrekke seg nye næringar som byggjer på verdi- og ressursgrunlaget i regionen.

HOVUDSATSINGAR: For å oppnå dette må ein difor arbeide for å marknadsføre livet på bygda med spreidd busetting og bygdesentera med gode servicetilbod. Ein berekraftig region har godt utvikla infrastruktur og nødvendige samfunnsstrukturar som skapar trygghet og mogelegheiter for innbyggjarane. Våre hovudsatsingar for å utvikle attraktive og livskraftige bygder er for perioden 2022–2025 følgjande:

- Marknadsføre framtida sine berekraftige bygder
- Styrkje regional infrastruktur og samfunnsstruktur

ORGANISERING: Ein regional arbeidsgruppe vil opprettast for denne strategien, og Setesdal IPR vil ha ansvar for å gjennomføre dette.

Hovudsatsing #5

Satsinga «Marknadsføre framtida si berekraftige bygder» skal sette bygdeutvikling på agendaen i Noreg.

Dagens rammevilkår er ofte til hinder for berekraftig bygdeutvikling basert på distrikta sine behov. Setesdal IPR må bidra til at ein tek i bruk mogelegheiter i dagens lovverk, samtidig som man arbeider for å sette på dagsordenen framtidsretta rammevilkår for bygdeutvikling. Satsinga skal også bidra til å styrke kompetansen om bygdeutvikling i regionen, og å dele kunnskap om nye, innovative løysningar. Dei unge i regionen er den fremste ressursen for å utvikle ein framtidsretta og berekraftig region. Satsinga vil engasjere dei unge og trekke dei inn i utviklingsprosessar.

For 2022–2023 skal følgjande gjennomførast:

Nr.	Aktivitet	Mål for 2023
5.1	Sikre gode rammevilkår for berekraftig utvikling av norske bygder og arealbruk.	Setesdal og bygde-Noreg har fått gjennomslag for rammevilkår som fremmer berekraftig distriktsutvikling.
5.2	Styrke kompetanse og samarbeid om bygdeutvikling i regionen.	Aktiviteten skal bidra til auka erfaringsutveksling i regionen og felles verktøykasse for bygdeutvikling. Aktiviteten skal også bidra til felles forståing av handlingsrommet som ligg i dagens plan- og bygningslov.
5.3	Engasjere ungdomsråda til å ta del i bygde- og distriktsutvikling.	Ungdomsråda som er knytt til Setesdal IPR er aktive deltakarar i bygdeutvikling.

Hovudsatsing #6

Satsinga «Styrke regional infrastruktur og samfunnsstruktur» skal bidra til at nødvendig infrastruktur utbetrast og fornyast og at samfunnssikkerheita i regionen er godt ivaretatt.

For 2022–2023 skal følgjande gjennomførast:

Ein godt utbygd infrastruktur og eit godt samla tenestetilbod skal gjere at menneskjene i regionen føler seg trygge og ivaretatt, samtidig som dei har tilgang til alle dei mogelegheiter som eit moderne samfunnsliv kan gje. «Gul stripe» til Hovden har vore eit vellykka samhandlingsprosjekt i Setesdal IPR på 2010-tallet. Det er no behov for snarlege utbetringar av fv. 42 og fv. 45, som er viktige vegstrekningar for å binde saman regionen. Arbeidet med å forsterke og utvikle sykkelruter må fortsette, og me ønskjer å prøve ut nye transportløysingar som kan gje eit betre tilbod til befolkninga og til besøkjande. I tillegg er det viktig å sikre at samfunnssikkerheiten i regionen utbetrast og er ivaretatt for befolkninga og hyttefolk.

Nr.	Aktivitet	Mål for 2023
6.1	Bidra til at Agder fylkeskommune prioriterer utbetringar av fv. 42 og fv. 45.	Budsjettvedtak om midlar til betydeleg utbetringar av fv. 42 og fv. 45.
6.2	Forsterke og utvikle sykkelruter.	Midlar frå Agder fylkeskommune til å vidareutvikle sykkelruter, og vedtak om å vidareutvikle nasjonal sykkelrute 3 i regionen saman med Statens vegvesen.
6.3	Bidra til nye og framtidssretta mobilitetsløysingar som er tilpassa behov i distrikta.	Setje i gong minst eit innovativt mobilitetsprosjekt.
6.4	Bidra til at det byggjast ut ein stabil og robust digital infrastruktur som tek vare på befolkninga sitt behov og sikkerheit (breiband, 5G, mobilnett, naudnett mm.)	Kritiske behov er kartlagt for regionen og formidla til ansvarleg myndigheit, samt god dialog med offentlege og kommersielle aktørar om utbygging av ny infrastruktur.



Setesdal interkommunalt politisk råd (IPR)

Besøksadresse: Kommunehuset i Valle

Postadresse: Postboks 4, 4746 Valle

Telefon: 37 93 75 00

E-post: post@setesdal.no

Internett: www.setesdal.no



Setesdal interkommunalt
politisk råd